

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 4. søndag i påsketida – 22.april 2018

Preiketekst: Joh 13,30-35

Lesetekst I: Jes 43,16-21

Lesetekst II: Åp 2,1-7

## Det nye bodet

### Til dagen:

4. søndag i påsketiden har frå gammalt av hatt namnet “jubilate“, etter dagens gamle (faste) inngangssalme: Lat hyllingssong lyda for Gud.

I Kollektbønna ber vi: “Gjev oss trygg tillit til at trengslane varer berre ei lita stund!”

Det er såleis ein dag med sterke - ja, kan hende vi kunne seia - dramatiske - tonar på denne dagen i påsketida.

Dagens tekstar gir oss då også eit klart dramatiske budskap:

Trøysteboka i Jesaja leier tankane våre fram mot det nye: «Sjå, eg gjer noko nytt.»

I åpenbaringsboka høyrer vi sendebrevet til Efesus-kyrkjelyden: «Kom i hug kor du stod før du fall. Vend om, og gjer dei gjerningane du gjorde før!»

Og preiketeksta frå Johs 13 fører dette budskapet inn i ein vidare samanheng, og knyttar dette poenget nært til påske-dramaet, med Jesu krossfesting og oppstode.

### Judas og sviket

Det er lett å sjå den klare samanhengen i dag, mellom det nære, personlege, og det dramatiske, i forteljinga frå Jesu siste måltid med læresveinane. Det er til og med serleg understreka korleis jødane sin bordskikk er med på å understreka det nære fellesskapet ved bordet, der dei nærast ligg til bords, med verten i sentrum for fellesskapet.

Jesus avslører temmeleg direkte kva som kjem til å henda. Vi kan oppfatta det fryktelege, bokstaveleg tala, når Jesus seier: «Gjer det snart!» Vi anar smerte, frykt, og gru hos Meisteren.

### Jesu tilgjevande nåde

Det ser ikkje ut til at Jesus gjorde forsøk på å bortforklara sviket til Judas. Eller til dei andre læresveinane, som jo stakk av, forneakta, og sovna. Tvert om: han understreka at dei mangla mot til å slå fylgje med han, og kraft til å halda ut i trengsle og motgang, denne vonde Getsemane-natta. Dette nære fellesskapet, og den tiltsfulle tonen mellom Meisteren og læresveinane har ikkje ført til ein bitter og skuffa meister, slik som vi vel kunne ha tenkt oss.

Nei, Jesus har inkludert seg med kvar einskilt av sine venner, også etter dette siste måltidet.

Både denne forteljinga, og ikkje mindre heile lidingsforteljinga, understrekar for oss korleis Jesu nåde med god rett kan kallast *ein tilgjevande nåde*. Jesus fullførde sin underfulle gjerning, og dreiv til fullending sitt store frelsesverk, då han gav livet sitt til soning for Judas, og for oss alle.

Det fekk Peter oppleva, og det vart klart for alle læresveinane, også etter påskedagen. Gud har fødd oss på nytt, og gjeve oss eit levande håp i og med at Jesus stod opp frå dei døde.

## Judas og herleggjeringa

Johannes fører også inn eit ord om Guds herlegdom, og om at dette som vi her les om, skal herleggjera Sonen. Det er som mange gonger elles i evangeliet: det leier oss til tanken om at Gud er ein herleg Gud, og at Sonen skal herleggjerast. Og: at heile Guds kyrkje på jord er herleg, endå om den også er temmeleg 'almenn'!

Trass i fall og fornedring, trass i svik og ulydighet, så har Guds folk del i Guds herlegdom, fordi Faderen og Sonen er herleggjorde ved det verk Jesus fullførde i Getsemane, og på Golgata, og i og med at han stod opp.

### Vi då?

Ofte gjentek vi, ikkje minst nå i påsketida, Jesu ord om at “det er fullbrakt“.

Og med rette: Jesu store redningsaksjon er vel fullført. Det kling så fint, og høyrest så lettvent ut. Evangeliets store poeng er jo også nettopp dette: Guds redningsaksjon vart fullført til siger. Jesus fekk att sin herlegdom, og kunne med full rett ta sin plass ved høgre handa til Gud Fader.

I dagens bibelord høyrer vi meir om dette:

Vi kan sjå på oss sjølv som tilgjevne, oppreiste menneske. I og med påskeunderet er vi *benåda syndarar*. Og det skal vi øva oss i å leggja merke til: *mi* misgjerning er sona, *mitt* opprør tilgitt.

I dette ligg det også ei viktig side til i dagens evangelium: Slik skal du sjå på dine sysken.

Eit nytt bod: De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de og elska kvarandre.

Her er evangeliets endemål, og det vesentlege i bibelbud og påskeevangelium:

Du er tilgitt. Din neste er tilgitt. Lat det ordet få fylgjer for korleis du ser på deg sjølv.

*Og korleis du ser på, og møter, ditt medmenneske.*

**Ole Gunnar Sæbø**

Pensjonert prest.

[o.g.sabo@online.no](mailto:o.g.sabo@online.no)